



Vidar og Renate Koløy fotografert på Børneset for nokre år sidan. (Arkivfoto)

I tida då mange frå Uskedalen reiste til sjøs i utanriksfart, var det vanleg med helsing heim til jul. Det kunne vera telefon over Rogaland Radio, julebrev, telegram som kom med bud på døra frå Telegrafstasjonen i Beinavikjo og ikkje minst kassar med frukt og anna julegodt. Skipsfartsnæringa har vore gjennom store endringar sidan 1950 - 60 talet, men enno har vi sjøfolk frå Uskedalen som siglar på dei store hav. Takk til Vidar Koløy for fin julehelsing.

Hei alle heime. No ligg vi i Rostock i Tyskland og lossar tømmer frå Noreg. Vi var mellom anna innom Børnes og lasta. Vi legg opp til å ta los i dag på juleafta kl. 15 og går då til Randers i Danmark for å lasta sagflis for Follafoss i Trøndelag. I tillegg kjem vi til å lasta tømmer på 2 - 3 plassar på kysten som skal nordover. Vi forventar å få lossa 30. desember, dagen før nyårsafta.



MS INGVILD legg til kai på Børneskaien, for å lasta tømmer.

Mannskapet består av to nordmenn, fire russarar og fem fillipinarar. I kveld på juleafta et vi røykt pinnekjøtt og nokre russiske og fillipinske spesialiteter. Juleprovianten fekk vi ombord i går på veslejuleafta. Det vert hektisk for kokken i dag for å få alt klargjort til i kveld. Då vi var innom Børnes tidlegare i veka, fekk vi ombord rikeleg med julebakst. Ingen lid naud. Eg har med pakkar heimanfra som eg skal opna på lugaren i kveld. Nyårsafta vert nok feira på ein eller annan tømmerkai på Vestlandet. God jul til dei heime.

Vidar Koløy
Kaptein på MS INGVILD

Tekst: Vidar Koløy /Kristian Bringedal
Foto: Ola Matti Mathisen/ Kristian Bringedal
Nett: Kristian Bringedal